



JOLEKVELD I KYRKJELYDEN

Nr 7 | 2021 | 80. årg

www.voss.kyrkja.no



Gravplassadministrasjonen i Voss herad har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjekontoret), tlf 56 52 38 80. Leiar er kyrkjevevjer Svein Tøsse, mobil 959 79 905.



Jolekveld i Kyrkjelyden vert sendt ut til alle husstandar på Voss. Om du ynskjer fleire eksemplar for å t.d. sende til nokon utanfor Voss, får du kjøpt dette på Voss Bokhandel i Vangsgata.

Om Jolekveld i Kyrkjelyden:

Jolekveld i Kyrkjelyden vert, i likheit med Kyrkjennytt, utgjeve av Voss Kyrkjelege Fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit Anne Marie Haugen, Heidi Hisdal, Gunn Horvei, Randi Kløve (red), Einar Melve og Margunn Mørkve.

Grafisk produksjon: Randi Kløve
Trykkeri: Molvik Grafisk AS
Opplag: 7300 eksemplar

Jolekveld i Kyrkjelyden vert gjeve ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss Herad.

Kyrkjekontoret på Voss:

Opningstider er 09:00 - 15:00 alle dagar utanom onsdag, då er opningstida 10:00-15:00. Me er også tilgjengelege både på telefon og e-post, sjølvsagt.

Har du behov for å snakke med nokon, ta kontakt!

Besøksadresse: Uttrågata 5

Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss.

Opningstider: måndag-fredag 9-15. (onsdag 10-15).

Telefon: 56 52 38 80

www.voss.kyrkja.no

E-post: post.voss@kyrkja.no

Kontonr: 3480.16.45293



Voss kyrkjelege fellesråd:

Kyrkjevevjer Svein Tøsse

tlf 959 79 905. E-post st545@kyrkja.no

Kontorleiar Vibeke Lemme

tlf 922 45 274. E-post vl454@kyrkja.no

Kateket Rønnaug Eng Skjeldal

tlf 952 62 025. E-post rs625@kyrkja.no

Trusopplæringsmedarbeiar Åshild Bøe

Kharazmi, tlf 952 98 681. E-post ak649@

kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Camilla M Velsvik

tlf 995 18 194. E-post cs222@kyrkja.no

Diakon Sigrid Djukastein Mala

tlf 478 49 134. E-post sm435@kyrkja.no

Diakonimedarbeidar Anja Slåtten

tlf 417 04 958. E-post as257@kyrkja.no

Ungdomsprest Vetle Leksbø

tlf 947 93 477. E-post vl555@kyrkja.no

Kantor Astrid Gjestvang

tlf 958 56 414. E-post ag678@kyrkja.no

Organist Frode Vik

tlf 952 62 084. E-post fv586@kyrkja.no

Organist Ellen Marie Selland Geithung

tlf 980 64 594. E-post eg395@kyrkja.no

Organist Edyta Brück

tlf 954 30 695. E-post eb457@kyrkja.no

Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun

tlf 481 36 520

Kyrkjetenar på Evanger June Mykkeltvedt

Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik

tlf 414 75 383

Kyrkjetenar i Granvin Ingvild Baartvedt,

tlf 468 98 970

Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje Trond

Olav Neteland, tlf 957 02 327

Gravar Vidar Bryn

tlf 996 00 940

Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege

Ukvitne, tlf 918 74 201

Redaktør i Kyrkjennytt Randi Kløve

tlf 952 06 177. E-post rk858@kyrkja.no

Kontormedarbeidarar Idunn Holen, Lene

Brunborg og Kathrine Ringheim Tørnby.

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss, og fung.

sokneprest i Voss Arild Hellesøy

tlf 906 99 533. E-post ah539@kyrkja.no

Sokneprest i Ulvik og Granvin Magnar

Haaland

tlf 415 46 366. E-post mh977@kyrkja.no

Sokneprest i Vinje, Oppheim og

Raundalen Cato Torsvik

tlf 974 23 459. E-post rt682@kyrkja.no

Sokneprest i Evanger og Bolstad Frode

Kvamsøe

tlf 901 96 514. E-post fk796@kyrkja.no

Prostiprest Arnulf Sandvik

tlf 416 75 653. E-post as794@kyrkja.no

Prestevikar Bengt Arvidsson

tlf 902 58 161

Soknerådsleiarar:

Evanger: Nora Mykkeltvedt, tlf 952 79 970

Voss: Bjørg Helland, tlf 938 56 326

Oppheim: Monica Gudrun Hansen,
tlf 957 58 204

Vinje: Ståle Hirth, tlf 950 81 902

Raundalen: Johnny Lemme, tlf 401 82 912

Granvin: Sigvor Melve Schrey, tlf 911 32 608

Bilete:

Framsida: Grayson Moraleson, Unsplash.com.
S 2: Phil Hearing, Unsplash.com. S 4: Sharon
McCuthcheon, Unsplash.com. S 8: Miguel
Bruna, Unsplash.com. Baksida: Nikola Mirkovic,
Unsplash.com.




Neste nummer av Kyrkjennytt kjem medio februar. Frist for melding om stoff er torsdag 27. januar. .

Innhald

- S 4 Joleandakt**
- S 5 Salme til vigslinga av Raundalskyrkja**
- S 6 Kvinner i bibelen**
- S 7 Misjonsprosjektet**
- S 8 Bli med på ein Refleks-torsdag**
- S 12 Kyrkjejubileet på Vossestrand**
- S 14 Kyrkjejubileet i Raundalen**
- S 18 Kuleholet i altertavla på Bolstad**
- S 19 Barnesidene**
- S 22 Konfirmantar 2021**
- S 30 Kyrkjelege handlingar**
- S 31 Gudstenesteliste**

Jolekonkurranse!

Kor mange slike englar finn du i bladet? Nokre av dei er gøymd betre enn andre!



Send svaret på e-post til
rk858@kyrkja.no

og vær med i trekninga av ein premie! (Borna kan gjerne skrive alderen sin, så vert premien tilpassa alderen. Dei vaksne skal sleppe å fortelje alderen sin.) Me treng namn, (alder,) og adresse.

Alle som deltek er med i trekninga!

Premien vert trekt måndag 20. desember, og vinnaren får namnet sitt i neste nummer av Kyrkjenytt!

Jolehelsing frå Redaktøren

2021 var eit annleis år. Me byrja bli vane med å gå med munnbind. Me sprita oss inn og ut av både butikkar og kyrkjer. Me snakka om vaksiner og meteren, og framleis er det ikkje alltid så enkelt å gje kvarandre ein klem. Sjølv om mange av oss er vaksinerte, sjølv om det no er lov... Kva om mottakaren ikkje er komfortabel med det? Kanskje han eller ho vert nervøs? Kanskje du sjølv syns det er ubehageleg? Veit du, eg trur det går seg til. Sakte men sikkert lagar me oss ein ny kvardag. Den vert vel aldri slik den var før pandemien, men det er greit. Eg byrja med bestevenen min. Etter halvanna år utan ein klem, har ho no fått opptil fleire. Eg trudde ikkje eg var ein klemmar, men pandemien har vist at jo, det er eg visst likevel! Eg har sakna det! Denne jola ynskjer eg meg ein klem frå dei eg er glad i!

Eg håper du får det du ynskjer deg til jol! Ei lita gåve frå meg får du óg; på baksida av bladet finn du "Nordnorsk julesalme". Som halvt nordlending ligg denne mitt hjarta nær.

Ei stor takk til alle bidragsytarar, både annonsørar og de som har skrive og teke bilete. Takk for at du les Jolekveld i Kyrkjelyden og Kyrkjenytt. Eg gler meg allereie til 2022.

Med ynskje om ei fredfull og god jolehøgtid,

Redaktøren

Ei' kroppsleg júl

Av biskop Halvor Nordhaug

Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vår og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli godt mottatt.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir

det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søker oss som heile menneske, så la oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjøelve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Når Gud vil møta oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vår trygg på at Gud uansett vil møta deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ei glad og velsigna júl!

Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin



Salme til vigslinga av Raundalskyrkja

Johannes O. Skjerve, 1880 – 1935

Helga Dregelid tok kontakt med Kyrkjennytt-redaksjonen i håp om å få dele ein kulturskatt med lesarane. Denne salmen vart skriven av Johannes O Skjerve til vigslinga av Raundalskyrkja i 1921. Salmen er funne i boka Raundalskyrkja 75 år, og er så vidt me veit, ikkje tonesett.

Johannes var født på Reime og tok lærarskuleeksamen i Volda i 1904. Han vart fast tilsett som lærar i Bære og Reime skulekrinsar i 1906 og gjorde mykje godt arbeid for grendene. Som faren Olav, var Johannes sentral ved ulike kyrkjelege hendingar i grenda og engasjerte seg mykje ved kyrkjebyggjinga og seinare ved mange ulike høgtider i kyrkja. Han var også oppteken av

fråhaldssaka og la ned mykje arbeid der.

I gravferda hans la Bære og Reime skulekrinsar ned ein sølvkrans som takk for alt han hadde gjort for grendene.

Salmen som han skreiv skildra lagnaden til folket i Raundalen før dei fekk kyrkja.

Helga Dregelid

Lenge her heimane avstengde laag,
og folket her sjeldan ein framand fekk sjaa
Det drjukt var aa ferdast dei vegane lange.
der kneikane var baade tunge og mange

Her fedrane bala og strævdde so hardt,
men trui paa Herren ho lyste so bjart.
Dei sjeldan vart vitja av preikar og prest,
dei høyrde 'kje klokka, som ringde til fest.

Men lell tor'eg segja, dei elska sin Gud.
og vyrndnad dei bar for hans ord og hans bud.
Dei hadde sin bibel, den brukte dei tidt;
der Herren han synte dei vegen so blidt.

I helg og i høgtid salmesong ljoma;
ja endaa eg minnest kor fagert det tona.
I hus og i hytta, liten som stor,
Med age og vyrndnad høyrde Guds ord.

Og grannane synte eit brodersinn gildt;
til trengande bringde dei hjelpi so stilt.
Med vyrknad eg tenkjer paa fedrar som kviler
eg tykkjer eg ser kor velmeint dei smiler.

Naar tanken attende i tidi meg ber,
flokk etter flokk eg paa kyrkjeveg ser.
I gryande morgon eg ser der aa fara;
dei maa vera tidleg, skal vegen dei klara.

Men att sit der lengtande gamle i stova,
i kyrkje so gjerne sin Gud dei vil lova.
Men vegen er lang og lemene vyrkja,
dei sukkar til Gud: Aa, gjev oss ei kyrkje.

Ja, gjev oss eit hus, der me enno ein gong
kan faa høyra dit ord og den brusande song,
der me enno kan sjaa kor din altareid skin,
fyr me verta sveipte i snøkvite lin

Og Herren, som stødt lagar allting so vel,
Og høyrer kvart sukk fraa ei lengtande sjel,
han førde dei gamle fraa trengslor og strid
dit lovsongen ljoma til æveleg tid.

Og bøni han høyrde; han ei kyrkje oss gav;
No klokka ho ljoma yver fedrar si grav.
Ja her skal ho tona kring lider og lunder
Og kalla oss saman til fredfulle stunder.

I dag kallar klokke oss saman til fest,
Ho ogso skal kalla, naar vaar livstraad han brest;
Daa skal ho tona yver støvet vaart ned,
Gud gjev ho daa kalla til kvile og fred.

Gud signe dei smaa, som her koma til deg,
lat din ande dei fylgja og syna dei veg,
lat ditt ord for dei lysa gjennom dimma paa jord,
ver med dei paa baaten yver stormande fjord.

Du signe og kvar sjel, som ber kjem til dit bord,
lat dei her verta mint um din kjærleik so stor,
Og um blødande broren, som paa Golgata hekk,
lat dei sansa, at for dei denne vegen han gjekk.

Ja, signe du Herre dei ordi so mange.
som her skal bli straadde i tidene lange.
Maa Jesus, som byd oss si kjærlige hand,
faa føra oss heim til den solklaare strand.

Kvinner i Bibelen er opphavet til mange ord og uttrykk som vi brukar i daglegtalet.

Av Arne Mosefinn



Den klassiske oppfatninga av Gud er ein eldre mann med kvitt eller grått skjegg og hår. Slik er Gud blitt framstilt i bilete opp gjennom tidene. Biletet stammar frå Daniels bok i GT – Daniel 7, 9: «Så såg eg ... ein som var gammal av dagar, tok sete (på tronstolen). Håret på hovudet (var) som rein ull.»

Men Bibelen snakkar og om at Gud skapte både mannen og kvinna i sitt eige bilete. I Jesaja og Hosea vert Gud samanlikna med ei fødande kvinne eller ei rasande binne (Hosea 13, 8: Eg vil koma over dei som ei binne dei har teke ungane frå ...»)

Somme kyrkjer har tona ned dei maskuline ord og uttrykk i gudstenestespråket, medan nokre kristne let seg provosera over dette, ettersom Guds mannlege identitet er nedfelt i Truvedkjenninga, der vi trur på Faderen, Sonen og Den heilage ande. Og Jesus kalla Gud for Far.

Når Moses spør kven Gud er, svarar han: «eg er den eg er» (2. Mos. 3,

14), noko som rommar både det mannlege og kvinnelege.

Å yta sin skjerv

I vår daglegtale møter me mange av bibelens kvinner. Tenk berre på uttrykket «å yta sin skjerv». I førpåskestedagane er Jesus ved tempelet i Jerusalem. Han set seg ned på tempelplassen for å sjå på folk som legg pengar i tempelkista. Mange av dei rike gjev mykje. Men så kjem det ei fattig enkje. Ho legg to småmyntar i kista. Jesus rosar henne for gåva ho gjev, ikkje fordi gåva er stor, men fordi ho gjev alt ho eig. I vår nye bibelomsetjing står det at ho gjev «to småmyntar, nokre få øre» i kista (Mark. 12, 42). Dette er den minste mynteininga som var i bruk hjå jødane. I omsetjinga frå 1938 står

det «to skjervar». Dette har gjeve oss uttrykket «å yta sin skjerv», dvs. å bidra med det ein har.

Uttrykket «smular frå den rikes bord» kjem også frå ei kvinne i bibelen. Jesus tok vegen til landet kring Tyros og Sidon, to bystatar på kysten av Fønikia ved Middelhavet, der «heidningar» budde. Då kom det ei kanaaneisk kvinne og ropa til han om hjelp for dotter si. Men Jesus ville ikkje bry seg med henne. Ho gav seg likevel ikkje. Jesus seier då: «Det er ikkje rett å ta brødet frå borna og gje det til hundane». «Det er sant, Herre, sa kvinna, «men hundane et då dei smulane som fell frå bordet til eigarane sine» (Matt. 15, 27).

Maria

Å finna «rom i herberget» skriv seg frå joleevangeliet der Josef og Maria kjem til Jerusalem utan å finna eit ledig rom. I den nyaste omsetjinga er «herberget» rett nok erstatta med «husrom» (Luk. 2, 7). Men Maria er også knytt til eit anna

uttrykk som vi brukar ofte, nemleg å «leggja seg noko på hjartet». Både i joleevangeliet (Luk. 2, 19) og då Jesus som tolvåring var med til tempelet – og vart verande der – heiter det om Maria at ho gøymde det som hende eller vart sagt «i hjartet sitt» (Luk. 2, 51).

Gamle testamentet

I det Gamle Testamentet finn vi også mange uttrykk som er i bruk i dag. «Heile sulamitten» er eit slikt uttrykk. Det skriv seg frå Høgsongen. Hovudpersonen her er i ung jente frå Sjulam (Høgs. 6, 13), som i den nynorske bibelomsetjinga frå 1938 heitte Sulam. Ho var då ein sulamitt. Mange les Høgsongen allegorisk, altså biletleg. Mannen er Gud og kvinna kyrkjelyden. Då vert kyrkjelyden «heile sulamitten». Elles brukar vi «heile sulamitten» i mange samanhengar, som til dømes alle i familien.

I Sarepta, dagens Sarafand i Libanon, budde det ei fattig enke. Til henne kjem profeten Elia og ber om litt vatn. Ho går for å henta vatn, og profeten ropar etter henne at ho må ta med eit stykke brød også. «Eg eig ikkje så mykje som ein brødleiv, berre ein neve mjøl i krukka og litt olje i mugga. ... Når vi har ete det, kan vi leggja oss til å døy.» Men profeten gjev seg ikkje: «Gå heim og gjer som du har sagt. Men bak først ein liten brødleiv til meg av mjølet, og kom ut til meg med han! Sidan kan du laga til noko åt deg og son din.» Ho så gjorde, men så oppdagar ho at krukka likevel ikkje er tom, og olja i mugga tok ikkje slutt. Dette varte ved i fleire år. Dette kan ein lesa om i 1. Kongebok 17, 7-16. «Sareptas krukke» vert omtala i våre dagar som eit overflodslager, eit lager som aldri går tomt.

Likt krukka i Sarepta, er Bibelen full av godbitar som ein aldri vert lei av å ausa av, også når det kjem til forteljingar om kvinner. Her kan nemnast kvinner som Sara, Rebekka Rut, Ester, Maria og Elisabeth. Mange småjenter får deira namn også i dag.



Daglegliv og jol i eit uroleg Etiopia

Av Britt Hernes/Misjonsnemnda

Det er snart jol, og rundt omkring i verda feirar ein høgtida på ulike måtar og litt ulike tider. I Etiopia er 1. joledag 7. januar, då dei er 13 dagar etter oss med sin kalender, den julianske.

Fredrashe på 11 år og Kalid 10 år deler skulebenk på Mus'a Yoho Svhoool i Assora distriktet. Elevane snakkar språket mao. Dei har morsmålet som fag i 1.-3. klasse og er glade for å få behalda språket sitt slik at det ikkje vert borte. Utdanningsforbundet planlegg at borna skal få bruka morsmålet i alle fag i heile grunnskulen, til 8. klasse. Dette er enno langt fram.

Sidan 2018 har Otapa vore med i teamet som set over Bibelen til Opo. Opo er språket til ei lita folkegruppe på omlag 10.000. Otapa bur i landsbyen

Wankey og dit kan ein berre koma i tørketida på grunn av vanskelege elvekryssingar. Han er difor ofte avskild frå familien sin. Det merkast at han brenn for bibelomsetjinga. Han stiller opp sjølv om temperaturen er 40 grader eller det styrtregnar.

Korleis vert jola for Fredrashe, Kalid, Otapa og for alt folket i Etiopia? Deira tradisjon er å samla familie, naboar og vener. Dei et noko som heiter injera. Saman med injera et dei lam, kylling og krydra sausar. Injera er ei stor pannekake med ein litt syrleg smak. Den er laga av kornet «teff», som er Etiopia sitt eige superkorn. Alle et med hendene og av same matfat. Dei puttar også mat i munnen på kvarandre, som eit teikn på kjærleik og venskap.

Når dette innlegget vert skrive, 08.11.21, er det svært uroleg i Etiopia. Truleg vert det borgarkrig. NMS sine fire medarbeidarar, samt borna deira, vert no evakuert frå landet.

Be om ei løysing på uroa i Etiopia og at menneskeliv må vert spart.

Voss kyrkjelyd støttar NMS/Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia. Misjonsprosjektet har eigen Vippskonto: 505877.



foto: Mparany Rakotondrainy





REFLEKS TENSING

Det fyrste du legg merke til når du kjem inn i Vonheim ein torsdag ettermiddag er stemninga.

Tekst og bileter: Randi Kløve

Det fyrste du legg merke til når du kjem inn i Vonheim ein torsdag ettermiddag er stemninga. Den gode, varme stemninga, lyden av ungdommar som ler, omsorg og venskap. Nokre vaksne leiarar held oppsyn medan ungdommar gjer lekser, pratar, tek seg ein tur til speletimen sin på kulturskulen, stikk bortom butikken for å kjøpe seg bollar eller berre les ei bok liggande i dei nye sofaene.

Kvart over fire er middagen klar. Dei får ofte hjelp av

KORT OM REFLEKS:

Refleks TenSing såg dagens ljós fyrste gong i 1978. Refleks er ei stor og aktiv TenSing-gruppe som held til i Vonheim, midt på Vangen. Ungdom frå 8. klasse og oppover er hjarteleg velkomne! Dei har øving kvar torsdag kveld, men Vonheim er open for ungdommane rett etter skuletid. Ein kan kjøpe seg middag og gjere lekser her. I dag har Refleks ca 70 medlemmar.

foreldre til å lage middagen, men denne torsdagen er det Ingrid, dagleg leiar i KFUK/M Voss som har stått for matlaginga. Musikk tonar gjennom romma, den som jobbar på kjøkkenet får bestemme kva som vert spela! I dag er det ein Refleks-klassikar på menyen: Tacopasta. Oppskrifta kjem opprinneleg frå ein Refleks-forelder, og vert teke godt i mot av svoltne Refleksarar, leiarar og ein Kyrkjenytt-redaktør som har invitert seg sjølv på besøk. Rundt dei store borda i «Hólo», det store opphaldsrommet innerst i Vonheim, benkar dei seg. Denne ettermiddagen er det nærare 25 som et middags saman. Ofte er dei enno fleire. Fyrste gongen dei kunne samlast til middag etter pandemien var dei over 40 ungdommar som åt taco saman! Det er inga tvil om at dette er eit populært tilbod!

At ungdommane kan kome til





MINI-INTERVJU

Amalie og Ingeborg starta i Refleks i 8. klasse, Idun starta i 9. klasse.

Kva er det beste med Refleks?

Det beste med Refleks er fellesskapet, seier dei. Her er det gode vener og god stemning. Ingeborg seier at «her har eg funne meg sjølv».

Har de eit favoritt-minne med Refleks?

Nokre morosame Refleks-minner er vekking på sommarleir, og å opptre på Vinterfestivalen 2020. Leir generelt er veldig kjekt!

Har de ein favoritt-song/låt å synge med Refleks?

Favorittsongar er Pretender, Victorious og In the Sanctuary.

Amalie Grevle Lid – 16 år (går på Design og Arkitektur) | **Idun Rio** – 16 år (går på Restaurant og Matfag) | **Ingeborg Haga** – 16 år (går på Musikklinja)

REFLEKS-TORS DAGAR:

14:15 – Vonheim opnar dørene
16:15 – middag
17:15 – leiarmøte
18:00 – 21:00 - Refleks TenSing



Vonheim direkte frå skulen, er uvurderleg. Dei treng ikkje heimom fyrst, her kan dei ete middag, gjere lekser og henge med vener heilt fram til Refleks startar klokka seks.

Dei vaksne som jobbar denne kvelden er Ingrid Tønnessen, Rønnaug Skjeldal og Vetle Leksbø. Vetle har vore med i tre år. Han er ungdomsprest i Voss sokn. Ingrid har Vonheim som arbeidsstad kvar dag, der torsdagane truleg er den livlegaste dagen i veka. Rønnaug vart tilsett som diakon på Voss i 1992 og har vore med i Refleks sidan då. Underteikna var forresten del av det første konfirmantkullet til Rønnaug.

I Refleks er det rom for alle. Ungdommane som deltek er ulike, kvar og ein, men noko har dei til felles: Dei har gode hjarter. Her er latter og moro, og nokon som likar deg for den du er. Her kan du vere deg sjølv. Her vert du sett. Nokon har tid til å høyre på deg, le saman med deg, gje deg eit råd om du treng det. Det gler eit gamalt Refleks-hjarte å sjå at enkelte ting ikkje har forandra seg! Sjølv om Hólo

er nymala, sit framleis kjærleiken i veggane. Når mørkret kjem sigande utanfor vindauga i Vonheim, er det varmt og inkluderande på innsida.

Oppvasken vart teken av to frivilljuge. Ei lita gulrot ser dei i det fjerne; kvar gong ein melder seg til å ta oppvaska, får ein eit lodd i trekninga på slutten av året. Vinnaren får eit handlenett og ikkje minst, dei har gjort ei god gjerning.

Kvart over fem møtes styret for å planlegge kvelden. Klokka seks startar endeleg TenSing. Ein runde med leiken «Blodpotet» varmar opp gjengen, humøret er på topp frå starten av. Så må stemmene varmest opp. På dei heimesnikra korkrakkane står dei flotte ungdommane og syng om både banan og telefonkatalogar (har dei nokon gong sett ein telefonkatalog, undrast underteikna). Deretter er det ei felles korøving der dirigent Sofie Røssland leiar gjengen trygt og godt gjennom songen «Roar» av Katy Perry.

Etter den felles korøvinga deler dei seg opp i grupper.



Her er noko for ein kvar smak. Vil du fortsetje å synge, eller vil du kanskje spele i band, være med i dramagruppa, teknikkgruppa eller kanskje i kjøkkengruppa? Denne kvelden står muffins på menyen, og kjøkkengruppa tryllar fram fantastiske kunstverk. Kunstverka vert fortært av TenSingarane mot slutten av kvelden.

Nokre av medlemmane i Refleks er konfirmantar, og er med som del av konfirmantundervisinga si. Mange vel å fortsetje etter at konfirmanttida er over. I dag er det ca 70 medlemmar i Refleks TenSing.

Helga etter besøket mitt hjå Refleks, fann årets haustleir stad. Ein gjeng på 35 glade ungdommar og vaksne tok turen til Ulvik, der dei budde på Brakanes skule. Andre kjekke aktivitetar i løpet av

året er Vinterfestival, konsert, Nattcup, påskeleir og sommartur. Det er ein aktiv gjeng!

Refleks-torsdagen vert avslutta med ei andaktsstund i Hovudsalen. Dei byrjar verte trøytte, desse ungdommane, men Vetle seier nokre velvalde ord før alle samlar seg i ring rundt pianoet, held kvarandre i henda og syng «Velsignelsen», akkurat slik me song den då eg sjølv gjekk i Refleks, for 25 (!) år sidan.

Tusen takk til Refleks TenSing som lot ein Refleks-veteran få snike i gangane, som svara på spørsmåla mine og lot meg ta bileter. De er verkeleg ein utruleg flott gjeng som er lett å verte glad i, og det varmar hjarta å sjå at det flotte ungdoms-miljøet i Refleks verkeleg blømer!

Velsignelsen

Herren velsigne deg, og vara deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og være deg nådig.

Herren velsigne deg, og vara deg.

Herren løfte sitt åsyn på deg, og gje deg fred.

MINI-INTERVJU

Sigrid og William starta begge i Refleks no i haust.

Kva er det beste med Refleks?

Sigrid: Det beste med Refleks er gode vener, å kunne slå seg laus, leirane me reiser på, ja ALT! I Refleks kan du vere deg sjølv.

William: Dansegruppene! (Sigrid kviskrar: «Skal du ikkje sei meg?») Også Sigrid.

Har de eit favoritt-minne med Refleks?

Sigrid: Alt!

William: Alt!





Har de ein favoritt-song/låt å synge med Refleks?

Nei, ikkje nokon spesiell.



William Stiansen – 13 år (går på Voss ungdomsskule)

Sigrid Krangnes – 13 år (går på Voss ungdomsskule)



Kyrkjejubileet på Vossestrand – Vinje og Oppheim kyrkjer 150år

Tekst: Cato Torsvik

Denne høsten feiret kyrkjene på Vossestrand 150år hver. Det er litt spesielt å kunne feire to kyrkjejubileer samtidig. Men slik er det. Vinje kyrkje ble innviet av Prost Smitt 3. oktober 1871 og Oppheim kyrkje ble innviet av av prost Irgens 4. oktober samme år. Det viser bare hvor praktiske og flinke folket på Vossestrand er. De gamle kirkene, var nettopp det. Gamle. Og det var behov for større og mer moderne kirker.

150år senere, på nesten nøyaktig samme dato, 2-3. oktober ble jubileumshelgen bestemt. Soknerådene på Vinje og Oppheim ønsket å markere dagene med folkefest som seg hør og bør. Lørdag 2.oktober skulle bli en familiedag hvor hele familien kunne komme til Sambygg for lek og moro, og søndagen skulle være festgudstjenester og festsamling for hele kyrkjelyden. Men det var en utfordring. Denne høsten har vært preget av Covid19, og dette var med å legge en begrensning på festhelgen.

Lørdag 2.oktober begynte med en flott vandring langs den gamle kongevegen med tidligere sokneprest John Ove Thaule som guide. Det var en ca. 15 mennesker som hadde stilt opp denne dagen, og fikk en flott tur via mors grav og langs den gamle kongevegen og ned til Vinje kyrkje. John Ove er en flink guide og alle som var med på turen var skjønt enige om at dette hadde vært en flott tur.

I Sambygg hadde bygdekvinnelagene gått sammen og laget nydelig betasuppe, kaffe og kaker. Noen av ungdommene hadde tatt på seg å arrangere leker for barna, til stor glede for de som kom.

Søndag 3.oktober var det duket for festgudstjeneste i Vinje kyrkje. Prester og organister møtte tidlig opp for å gå gjennom gudstjenesten, slik at alt var på plass til når kyrkjelyden skulle komme. Ekstra stas var det at tidligere sokneprest på Vossestrand, Kjell Neset kom. Det var mange som flokket seg rundt

Årets jolegåve? Flott jubileumsbok frå Vossestrand

Tekst: John Ove Thaule



Med ei biletbok på 216 sider med over 250 bilete frå eit aktivt kyrkjelydsarbeid på Strondè dei siste 50 åra er det mange som vil kjenna igjen seg sjølv eller nokon av sine nære. For eitt av hovudkapitla handlar om kyrkjelydsarbeidet gjennom gudstjenester inne og ute, omfattande trusopplæring med borna, konfirmantarbeid og turar både i natur og med buss.

Her er fyldig dekning av viktige hendingar dei siste 50 åra, som 150-årsjubileet for Per Sivle, 1000-årsmarkeringa for kristninga av Noreg og både 100- og 125-årsfeiringane for kyrkjene, nytt kapell i Jordalen og framveksten av Helgaton, med mykje meir.

I kapittelet «Bli med på ei vandring gjennom bygga» får ein innblikk det rike innhald som ligg i kyrkjene

ham og slo av en prat. Også tidligere organister var med på gudstjensten, og det var en god stemning både hos prester, organister og koret strendingen før gudstjenesten. Gudstjenesten begynte med en høytidelig prosesjon inn med biskop og prester, ledet an av soknerådsleder Ståle Hirth. Det ble en flott og verdig gudstjeneste hvor prester og organister deltok med ulike innslag. Biskopen holdt en glitrende tale som berørte mange av de fremmøtte. Etter gudstjenesten var det duket for festsamling på Sambygg.

Her i Sambygg hadde bygdekvinnelagene gått sammen og laget nydelige snitter, kake og kaffe. Det var også mange talere og bl.a. Kjell Neset holdt en flott tale om sin tid på stronde. Både biskop og Ordfører holdt flotte taler til folket på stronde. Det må sies at ordfører og biskop var i strålende humør og slo av noen vitser underveis som slo godt an, og latteren satt løst på festen. Det hele toppet seg da revygruppen kom litt uventet inn på senen. De beklaget at de hadde kommet sent, men de var sikker på at sokneprest Cato hadde sagt de skulle møte på Oppheim. Men nå hadde jo han tatt feil av kirkene før også. De avsluttet revyen med sang til prestene og biskopen så vi alle lå og trillet av latter.

På kvelden var det ung messe på Oppheim. Ungdomsprest Vetle Leksbø hadde samlet en gjeng med ungdommer, og dannet band. Fire av medlemmene var fra stronde, til stor begeistring for de fremmøtte. Det ble en gudstjeneste litt utenom det vanlige, med flott musikk og ungdommelig preg. Det var soknerådsleder Monica Hansen som ledet prosesjonen inn, etterfulgt av årets konfirmanter og prester. Det ble en flott gudstjeneste med mye innhold, musikk og sterke inntrykk. Bl.a. talte biskopen over den bortkomne sønnen, og hvor viktig det er for oss å kunne tilgi.

Soknerådene på Vinje og Oppheim vil takke alle som har vært med å gjøre jubileet til den festen det ble. Tusen takk til bygdekvinnelagene for en flott innsats og nydelig mat, tusen takk til revylaget for latter og glede, tusen takk til bedrifter og butikker her på stronde for støtten dere har gitt. En spesiell takk til John Ove Thaule og bokkomiteen som har brukt mye tid på å skrive jubileumsbok til 150års jubileene. Vi vil også takke Voss sparebank og Voss vekselbank som har vært med å sponse både kyrkjejubileet og jubileumsboken.

sitt interiør. Her er mykje interessant å lære.

Sjølve 150-årsjubiléet som var 2.og 3.okt., er også gjeve fyldig dekning. Så også såleis er boka rykande fersk og kostar 300kr.

Boka er til sals i dei lokale Joker-butikkane på Vinje og i Haugsvik, Voss Bokhandel (Norli Vossevangen), Ark Bokhandel på Amfi, MIA konditori – gåver (2.etg.Coop) og i kyrkjene ved gudstenester.



100-års jubileum i Raundalskyrkja

Tekst: Nanna Nordahl

Raundalskyrkja ble innviet 25. august 1921.

Soknerådet satte på nyåret 2020 ned en jubileumskomite som besto av soknerådsleder Johnny Lemme, sokneprest Cato Torsvik og tidligere soknerådsleder Nanna Nordahl. På noen møter stilte også Reidar Reime som arbeidet med en bok som blir gitt ut i forbindelse med jubileet.

Cato hadde alt vært i kontakt med biskopen for å avtale dag for feiringen. Det besluttet at festgudstjenesten skulle være 12. september 2021. Noe av det første som ble gjort var å kontakte Reidar Reime med spørsmål om å skrive bok. Den som ble utgitt da kirken var 75 år gammel, hadde vært utsolgt lenge. Før koronanedstengingen rakk vi også å sende noen søknader om økonomisk støtte. Vi endte opp med å få støtte fra Fellesrådet, Heradet, Voss Sparebank og Vekselbanken. Takk til dem!

